



Asgeir Bjelland er nummer 3 i midtrekka på dette klassebiletet frå 1953

Eit riktig godminne frå julehøgtida har eg frå min barndom i Uskedalen, på slutten av 40-talet. Musikklaget spelte inn jula. Om dette var den eine gangen, eller ein tradisjon hugsar eg ikkje

På sjølvaste julekvelden stillte dei opp i Skårhaug, på eit berg oppom Helgheim.

Denne spesielle julekvelden, som har brent seg inn i hukommelsen, var mørk og stille.

Musikklaget spelte dei kjende og kjære julesongane, og til avslutning spelte dei 'Det kimer nu til julefest'.

Då begynna det å snøa, lett fin snø, samstundes vart jula 'ringt inn' med kyrkjeklokka.

Ja, ja, dette var før TVen og 'nettet' overtok underhaldninga.

Asgeir Bjelland